



Vår referanse

Vår dato

7. mar. 14

Deres referanse

Deres dato

Vår saksbehandler

Direkte telefon

Høyringsvar - Rapport frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk

Lindås kommune er einig i rapportens betraktning om at brann- og redningsvesenet utgjør en viktig ressurs for det samla samfunnsikkerhets arbeidet i kommunen. Brann- og redningsvesenet har viktige oppgåver på det førebyggjande brannvern området og er kommunens viktigaste operative redningsressurs. Også rapportens konklusjon om fordeler med større fagmiljø (da spesielt førebyggjande), økt kompetanse og sterkare samarbeid på tvers av kommune grenser, støttar Lindås kommune.

Lindås kommune meiner brannstudien har for mykje fokus på store einingar og for lite på vidareutvikling av eksisterande organisering. Kommunen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å anta at så store fylkesvise einingar som anbefalas av arbeidsgruppa vil føre til eit bedra brann- og redningsvesen. Lindås kommune slutter seg derfor ikkje til anbefalinga frå arbeidsgruppa om fylkesvise brann- og redningsvesen. Kommunen meiner brann- og redningstenesta framleis skal vere ei kommunal teneste og meiner brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggjande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid: prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke.

Brann tenesta er tufta på nærleik, mens det ved fylkesvise einingar er fare for at administrasjonsledd og toppleiinga opplevast som fjernt for brukaren. Den enkelte kommune risikerer også å få et meir perifert forhold til og mindre påvirknings mulighet for sitt eget brann- og redningsvesen. Det bør derfor være opp til den enkelte kommune å drifte brann- og redningsvesena i henhold til det lovverk som foreligg. Eit lokalt forankra brannvesen, er særst viktig for å kunne utnytte lokale ressursar, når ein skal byggja opp og drifta eit godt brannvesen, og når ein skal handtera ulike hendingar.

Lindås kommune ønskjer derfor ikkje å delta i et pilotforsøk om et felles interkommunalt brann- og redningsvesen for Hordaland.

Mvh

Karl J Romarheim
Brannsjef Lindås og Meland brannvern

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5914 ISDALSTØ	Ikenberget 16	40841270		7413 05 01005
	5911 Alversund			Organisasjonsnr. 935 084 733